Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Sola

Emne: Gamal engkultur

Bygdelag:

Oppskr. av: Andreas Kopeid

Gard:

(adresse):

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Paul Kristian Olsen Hogstad, f. på Hogstad i 1867,

SVAR

og kona Maren, f. på grannegarden Tjøra i 1873.
Bondefolk på Hogstad.

1. Det var vanskeleg å få full greia på det som dette spørsmålet gjeld. Men det var greitt at ingen av heimelsmennene hadde personleg greie på utslåtter. Det var ikkje slikt i deira tid på Tjøra og Hogstad, korkje i myr eller utmark. Dei visste kva naturleg eng var for noko, men det hadde ikkje vore slikt heller på desse gardane i deira tid. Dei tala berre om kjelva, f som var -og er- kunsteng. Dei kjende eller skjøna ordet attlegg utan å bruka det, men M.H. sa: „Kjelva vart det når me la igjen, og det var kjelva til me pløygde att." Då eg spurde kva valle (vod'l) var, sa P.H. at det var ein stad ~~der~~ som låg litt høgt og der det var litt turt og vaks litt stutt gras, men det var ikkje naturleg eng. På Tjøra var det ein stad som heitte Voll; nå er det 3 bruk der

14027

Det var så ymist med gjødslinga av engja, og dei hadde ikkje noko serskilt namn på gjødslinga.

2. Det vart ikkje aktuelt å rydja nokk kvist og slikt, men dei henta ~~stelle~~ småstein og raka saman turre hevdaklumpar som hadde vore liggjande. Dette heitte å róa.

3. Det var tydeleg at heimelsmannen ikkje hadde noko kjennskap til korleis det var før skiftebruket tok til. Regelbunde skiftebruk var det ikkje i den første tida dei kunne minnast, men dersom det vart mose i kjölva, pløygde dei henne om.
Det var dei som ikkje sådde når dei la igjen. Første året voks det mest berre balikelom (?), så grodde det til eleskvart.
Andre sådde høyfrø som dei sopte opp i løa.
P. H. fortalde at på Kolnes dreiv dei nokkje med gulerøter, og de vart det nokkje ~~kvedt~~ kvekka. Han hadde høyrt at dei hakka kvekkerøtene og sådde dei når dei la igjen. Det vart godt gras, rekna dei med.

4. Dei var tatt til å grøfta før den tid P. H. kan hugsa, men det var grunnare veiter.
Det er ukjent at dei har vatna engja.

5. Det var lite hevd på kjölva, berre det som vart att når åkeren hadde fått sitt. Det vart helst det som dei ~~rullyp~~ „skypla" opp frå botnen frå hevdaløa. Det var vanleg

Offlast

å kjøra mold i bøtene på hevdaløa, og det vår denne molda som vart kjørt på enga.

6. Fell igrunnen bort.

7. Tiget på hevdaløa kalla dei segjå°, men dei hadde ikkje noko sers namn på det stykke som gjekk segjå eller graset som voks der. Det var ukjent for heimelsmennene at dei plaserte husa slik at det vart stort sig.

8. Dei sagt hevda kjelva om våren, og nytta same reidskapen som då dei hevda åkeren.

9. Taiene gjekk på kjellva fram til Jonsok. Dette vart det slutt med kring første verdskrigen. Heimelsmennene kjenner ikkje til at kyrne fekk gå på kjelva om våren. Men dei gjekk der om hausten så lenge det var noko fima. Dei tjora kyrne.

10. Sjå 9.

11. Ukjent.

12. Dei hadde sommarfjøs på Hogstad; det stod der folgehuset til P.H. står nå. Han kjenne hugsa fjøset, men ikkje at det var i bruk. På Tjøra hadde det og vore to-tre sommarfjøs. Då hov dei kyrne i fjøset om natta.

13-18. Ukjent.

19. Ingen av desse orda er kjent for heimelsmennene.

14027

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

20. Det er ikkje satrar i Sola.

21. Det trefte at dei gjødsla enga med tare, men på Hogstad hadde dei lang veg etter den. Oska kasta dei i mikinga.

14027